



## **VEDTEKTER FOR NÆRINGSFONDET I BREMANGER**

### **§ 1, Heimel, kapital og avkastning**

Næringsfondet i Breanger kommune er eit kommunalt fond skipa med heimel i Industrikonsesjonsloven (14. desember 1917 nr. 16), § 2 tredje ledd nr. 13, sjette ledd og Vassdragsreguleringsloven (14. desember 1917 nr. 17), § 11 nr. 2, andre ledd.

a) Fondskapital er på

Kr. 1.500.000,- innbetalt av Firdakraft, SFE og Elkem A/S i medhald av konsesjonsvilkåra for kravtverka i Breanger kommune.

b) Avkastning er

- Årleg konsesjonsavgift som vert innbetalt i samsvar med konsesjonsvilkåra for Firdakraft, SFE og Svelgen Kraft Holding AS sine kraftverk i Breanger kommune.

- Renter og anna avkastning på fondskapitalen gjeve ved kongeleg resolusjon.

Alle konsesjonsavgifter, renter og anna avkastning skal takast til inntekt for næringsfondet.

Fondskapitalen kan ikkje nyttast til lån eller tilskot.

### **§2, Føremål**

Næringsfondet skal nyttast til næringsføremål i samsvar med kommunen sin Strategiske næringsplan, m.a. til tilrettelegging for næringsutvikling i regi av kommunen, stadsutvikling, og ulike typar utviklingsarbeid. Fondet kan og nyttast til bedriftsstøtte og til kommunale investeringar i varige driftsmidlar.

Fondsmidlane kan ikkje nyttast til å dekke laupande drift av kommunen, bortsett frå renter og avdrag på investeringar som er gjort i tråd med fondet sitt føremål. Unnateke er også avlønning av næringsseier eller tilsvarande for å forvalte fondet.

Det kan ikkje givast støtte til bedrifter for å dekke avdrag og renter på lån for å dekke laupande drift.

Det bør ikkje givast støtte til verksemdar som tek imot vesentlege overføringar over statsbudsjettet.

### **§ 3, Stønadsformer**

Støtte kan givast i form av lån og tilskot.

Midlane bør ikkje nyttast til aksjeteikning i private bedrifter. Dersom det vert teikna kommunale aksjar, kan dette ikkje utgjere meir enn 30% av aksjekapitalen i bedrifta.

Denne avgrensinga gjeld ikkje utviklingselskap, utleigebygg og liknande. Som kommunen etablerer i samarbeid med private interessentar.

### **§ 4, Forholdet til internasjonale pliktar på statsstøtteområdet**

Bruk av fondet må vere i samsvar med dei internasjonale regelverk som Noreg har slutta seg til på statsstøtteområdet.

### **§ 5, Forvaltning**

Ved forvaltning av fondsmidlane skal det leggjast vekt på låg finansiell risiko og høg likviditet. Renter og avdrag skal tilbakeførast til fondet.

### **§ 6, Årsmelding og rapporteringsplikt**

Det skal leggjast fram melding om fondet si verksemd for kommunestyret kvart år. Meldinga skal innarbeidast i kommunen si årsmelding.

### **§ 7, Godkjenning av vedtekter**

Vedtektene kan endrast etter vedtak i Kommunestyret. Vedtaket skal godkjennast av fylkesmannen. Kopi av godkjende vedtekter skal sendast fylkeskommunen.